

Berge nigard

Av Knut Raastad, 2017



Nigard Berge ligg i øvre Nordherad mellom Ulsbu og Aabakken. Berge er nemnd i 1578, 1594, 1604.

I jordeboka 1577 og bygningsskatten 1604 er det ein Berge-gard og den skattar som halvgard. I 1610 er det ein brukar som heitte Erik. Jakup Eirikson på Berge fekk bot i 1614-15 og truleg er det sonen.

Koppskatten 1645 nemner Peder Berge og hans hustru. Både da og i manntalet 1666 er det to brukarar på Berge, men det ser likevel ut til at nigard og oppigard har vore sett på som ein gard. Samla er Berge nemnd som halvgard. Skattematrikkel 1647 nemner Berge som halvgard og Peder Berge som brukar av 1 ½ hud som han eig sjølv, Johannes på oppigard er ikkje nemnd.

I 1665 var det skifte etter Erik Endresen, han var gift med Rønnog Jørgensdotter. Erik og Rønnog hadde sonen
Oluff Eriksen f.ca.1649

Rønnog Jørgensdtr. gifta seg opp att med Thosten Jacobsen. I manntalet 1666 er nemnd at Torsten Jacobsen f.ca.1619 brukte 1 hud i Berge. Jordebok 1661 og matrikkelen 1668 nemner at Tosten Berge brukte 1 hud som han eigde sjølv. Han hadde seter på Nistingen. I 1673 var det skifte etter Rønno Jørgensdtr.

Koppskatten 1711 nemner Daniel Berge og svigersonen Jacob Jacobsen, men om det var noko slektskap med familien som var der i 1673 er usikkert.

I 1713 var det skifte etter Ellie Jørgensdotter. Ho var gift med Daniel Arnesen. Nedre Berge er da nemnd som odelsgoods som skylder 1 hud. Ellie og Daniel hadde ei dotter, og Ellie hadde 2 «uekte» barn:

Gjertru Danielsdtr., død før 1713, neste brukar
Oluf Olufsen
Marit Hansdtr.

Gjertrud Danielsdotter var gift med Jacob Jacobsen som det vart skifta etter i 1734. Jacob Jacobsen var son til Jacob Andersen som hadde føderåd i form av plassen Lykken.

Gjertrud og Jacob hadde 2 barn:

Ellie Jacobsdtr. f. 1702, neste brukar

Daniel Jacobsen f. 1706 død før 1765, g.1749 m. Kari Pedersdtr. 1718-1763.

Jacob Jacobsen må ha vore gift før for ved skifte i Aabakken i 1765 er nemnd syskjen til Ellie og Daniel:

Ole, f.ca.1695 d. 1764, g.m. Imbiør Iversdtr. f.ca.1715 d.1776. I Aabakken.
Torsten, død før 1765

Nils, død før 1765

Johannes, død før 1765

Ellie Jacobsdotter 1702-1773 var gift med Syver Iversen 1699-1773. Han kjøpte Berge i 1734.

Ellie og Syver hadde 1 barn:

Ragnhild, f.ca.1736, neste brukar

Siver Iversen Berge sel og skjøter nigard Berge til dottera Ragnhild Siversdtr. og svigersonen Ole Simensen i 1765. Kjøpesummen var 800 rd., alt lausøyre og krøtter 99 rd. Føderåd: dersom dei går i brød med ungfolka: 1 tønne korn, 1 mæle rug, åker til 2 settinger hamp; dersom dei er for seg sjølve: 6 tønner korn, 1 tønne rug, fleisk, for til 2 kyr og 6 sauer, varmt hus og hederleg jordeferd,; når den eine døyr halv føderåd.

Ole Simensen f.ca.1738 og Ragnhild Syversdtr. hadde 4 barn:

Gunnild f.1768

Jacob f.ca. 1771 d.1858, neste brukar

Simen f. ca. 1774, g.1908.m. Brit Siversdtr. 1786-1871. Dei hadde 3 barn:

Ragnhild f.1809

Siver 1811-1891, g.m. Anne Holshaugen 1818-1892. I Holshaugen.

Ragnhild f.1814

Elie f. ca. 1776

Anne f.1778

Ole Simensen Berge selde garden til eldste sonen Jacob Olsen Berge i 1801 for 350 rd. (i skifteprotokollen står det 450 rd.), samtidig vart det inngått føderådskontrakt. Jacob Olsen Berge var gift med Eldrie Pedersdtr. nordgard Sandnes 1766-1824 dotter til Peder Jonsen. Jacob Olsen vart gift på nytt med Anne Syversdotter Sandnes 1779-1857 og som føderådsfolk på nedre Berge leigde dei i 1835 Bekkeåkeren på si levetid frå oppigard Berge for eingongsavgifta 20 tønner bygg.

Jacob og Eldri hadde 4 barn:

Marit f.1802

Syver f.1805, neste brukar

Anne f.1808, g.m. Knut Sande, g.2.m. Jacob n. Valde. På Sande.

Peder f.1811

Eldri hadde også sonen:

Iver Jacobsen f. 1798

I 1828 overtok Syver Jacobsen garden frå faren for 450 spd., ellers er det gjordt avtale om føderåd. Syver Jakobsen f. 1805 vart 1834 gift med Mari Amundsdotter Sandbu 1799-1879 frå Fron. Syver og Mari hadde 2 barn:

Eldri Syversdtr. 1838-1909, gift med Syver Syversen Grev 1828-1895, i 1865 var dei på Berge saman med barna Mari f.1859, Marit f.1860, Syver f.1862 og Imbiør f.1865, i 1875 var dei i Grev

Mari Syversdtr. f. 1841, ugift i 1875

Syver Jakobsen selde garden til Erland Hansen Nyhus, skjøte på nigard Berge gnr. 81 bnr. 1 for kr 5120,- vart tinglyst 1877. Erland Hansen Nyhus 1838-1923 var frå Bøverdalen i Lom, han var gift med Livø Olsdtr. Mundhjeld f.1848. Erland og Livø hadde 9 barn:

Anne f. 1872, gift med Jakob Grev

Eli f.1875, g.m. Ole A Mohn. Pressmo i Vågåmo.

Hans f.1877, til Amerika

Syver f.1882, gift med Ingeborg Lundh. På Formo i Vågåmo.
Ole 1880-1946, gift med Pauline Olsdr. Gutubø 1893-1968, Lyuenget i Lom
Mari f. 1885, budde på Berge saman med broren
Ole 1888-1961, neste brukar
Marie 1890-1965, gift 1922 med Oskar O Visdal 1897-1976
Thor 1893-1894

Ola Berge overtok etter faren i 1910, erklæring om at han hadde grunnbokhjemmel vart tinglyst 1943. I 1960 overtok dotter til Marie og Oskar Visdal, Live f. 1925 og mannen hennar Odd Haarstad f. 1932 frå Vestre Gausdal. Dei hadde 2 barn:

Einar f. 1959, neste brukar
Kari f. 1961, gift med Kåre Hoff, Veggum i Sel

Einar Hårstad overtok Berge i 1996, han vart 1995 gift med Sigrid Hårtveit f. 1962 frå Kristiansand, dei har 3 barn:

Mari f.1996
Olav f.2000
Erland f.2002

I 1668 vart det på nigard Berge fødd 8 fe, det var 1 hest og det vart sådd 2 tønner.

I 1865 var det på Berge 2 hestar, 12 kyr, 20 sauer, 10 geit og 1 gris. Det vart sådd ½ tønne rug, 4 tønner bygg, ½ tønne blandingskorn og 3 tønner poteter.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953 – 1997

Jon Kolden: Bygdabok for Lom 3 og 4

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter pantebøker

Panteregister / grunnbok

Opplandsarkivet Vågå: Utskrifter skifteprotokollar m.m.

1881.no

Koppskatten 1645, matrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711

O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.

Jakup Skjedsvoll: notat om Berge på 1600-talet